

HØYRING PÅ BESØKSSTRATEGI FOR SVR (SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE)

Ordningsverdi: K21	Saksmappe: 2012/199	Løpenr.: 13130/2018	Saksbehandler: Edgar Vegge
Saksnr: 54/18	Utvalg: Forvaltningsutvalget		Dato: 27.09.2018

Rådmannens forslag til vedtak:

Kvinesdal kommune er positiv til besøksstrategien for SVR. Me har nokre få kommentarar:

- Ein p-plass i Reinshommen hyttefelt kan vere ein god ide, men tiltaket må avklarast med grunneigarane og hyttefolket og må eventuelt leggjast inn i reguleringsplanen.
- Kommunen er glad for at verneområdestyret vil stå som eigar og vere ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell. Det er viktig at informasjonen blir oppdatert når det er naudsynt.
- Plasseringa av informasjonspunktet må me sjå i samanheng med reiselivsutviklinga på Knaben og dette må avklarast i samarbeid med kommunen og grunneigarane.
- Om kommunen kan løyve pengar er ein sak me må ta i budsjettarbeidet i åra framover.

Behandling i Forvaltningsutvalget - 27.09.2018

Rådmannens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt

Forvaltningsutvalgets vedtak

Kvinesdal kommune er positiv til besøksstrategien for SVR. Me har nokre få kommentarar:

- Ein p-plass i Reinshommen hyttefelt kan vere ein god ide, men tiltaket må avklarast med grunneigarane og hyttefolket og må eventuelt leggjast inn i reguleringsplanen.
- Kommunen er glad for at verneområdestyret vil stå som eigar og vere ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna

informasjonsmateriell. Det er viktig at informasjonen blir oppdatert når det er naudsynt.

- Plasseringa av informasjonspunktet må me sjå i samanheng med reiselivsutviklinga på Knaben og dette må avklarast i samarbeid med kommunen og grunneigarane.
- Om kommunen kan løyve pengar er ein sak me må ta i budsjettarbeidet i åra framover.

Problemstillinga i få ord:

Verneområdestyret har sendt på høyring eit forslag til Besøksstrategi for SVR. Ein besøksstrategi er ein plan for informasjon og tilrettelegging i og inn mot verneområda.

Besøksstrategien inneheld fleire tiltak på Knaben som rådmannen meiner vil vere positive for oss. Rådmannen føreslår å støtte strategien.

Saksopplysninger:

Verneområdestyret har sendt på høyring eit forslag til Besøksstrategi for SVR.

Bakgrunn

Ein besøksstrategi er ein plan for informasjon og tilrettelegging i og inn mot verneområda. Besøksstrategien skal vise kva for tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn etc.) som er naudsynt for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i et verneområde, slik at ein oppnår størst moglig nytte for alle dei tre interessene.

Miljødirektoratet har bestemt at alle norske nasjonalparker og store landskapsvernområde skal ha ein besøksstrategi innan 2020. Ein godkjent besøksstrategi er ein føresetnad for tildeling av nasjonale tiltaksmidlar til tilretteleggings- og informasjonstiltak i verneområda i SVR.

Gjennom hausten 2017 har forvaltningssekretariatet synfart utvalde plassar for å få betre lokalkunnskap og få innspel til tiltak på aktuelle innfallsportar, mellom anna på Knaben og Nesjen saman med folk frå kommunen og grunneigarar. Føreslåtte fysiske tiltak er for ein stor del avklart med råka grunneigar. Før dei fysiske tiltaka blir iverksett (klopplegging, utbetring av stiar, skilting, etablering av utkikkspunkt osv.) er det uansett ein føresetnad at det er gjeven skriftleg samtykke frå grunneigar. Høyringsbrevet er sendt grunneigarar på dei enkelte innfallsportane.

Etter at besøksstrategien er vedtatt av verneområdestyret skal den godkjennast av Miljødirektoratet.

Kva for tiltak er planlagt i Kvinesdal?

Knaben er den sentrale innfallsporten til dei sørlege delane av verneområda, og betener særleg fastbuande og hyttefolk. Planlagte tiltak er å

- etablere informasjonspunkt ved parkeringsplassen eller ved ein eventuelt ny butikk i sentrum
- etablere startpunkt der tre av turløypene inn mot verneområdet tek til
- setje opp informasjonsskilt om naturverdiar og kulturminne i verneområde i dei mykje brukte gapahukane
- utvikle undervisningsopplegg om villrein for leirskolen
- bygge ny skibru i løypa inn mot Knaberøysa
- legge om den maskinpreparerte skiløypa til Knaberøysa til å bli ei rundløype
- bygge ein mindre parkeringsplass ved starten av turløypene på toppen av hyttefeltet aust for Knaben (Reinshommen)

Det er mykje som skjer på Knaben i samband med utvikling av hyttefelta og utvikling av «sentrum». Etablering av informasjonspunktet bør truleg vente til utviklinga av sentrum er avklart. Informasjonsskilt og ulike tiltak på løypenettet kan likevel realiserast tidlegare.

Tiltaksplan

Eit par av tiltaka er satt opp i tiltaksplanen:

År	Tiltak	Verneområde/Innfallsport	Aktørar	Kostnad
2019	Ny skibru i løypa til Knaberøysa	SVR/Knaben	SVR, Kvinesdal kommune	100 000
2023-2025	Utbygging av innfallsport m/startp.	SVR/Knaben	SVR, Kvinesdal kommune, grunneigarlag	

Den elektroniske informasjonstavla ved Kvinlog vil bli driven vidare i lag med Kvinesdal kommune og Sira-Kvina kraftselskap. Tavla kan få ein funksjon i høve til informasjonspunktet på Knaben.

Kven skal betale?

Utviklinga av innfallsportane og andre informasjonstiltak i besøksstrategien vil i hovudsak bli finansiert gjennom dei årlege tiltaksmidla frå Miljødirektoratet, samt midlar gjennom verdiskapingsprosjektet. Samstundes vil verneområdestyret søke og få til ei samfinansiering med aktuelle samarbeidspartnarar der det er naturleg. Ved ei slik samfinansiering med kommunar og organisasjonar vil tiltaksmidlane kunne rekke mykje lenger.

Drift og vedlikehald

Verneområdestyret ser det som naturleg at samarbeidspartnarar som turistforeiningar, friluftsråd og kommunar står som eigar og er ansvarleg for drift og vedlikehald av fysiske tilretteleggingstiltak som kjem på plass innanfor rammene til besøksstrategien. Verneområdestyret vil så langt det er mogleg gje økonomisk støtte til drift og vedlikehald av desse tiltaka. Ein føreset at avtale om drift og vedlikehald ligg føre før igangsetting.

Verneområdestyret vil stå som eigar og være ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell.

Rådmannens vurdering:

Rådmannen meiner dette er ein god plan. Her kan me få litt meir drahjelp til å setje Knaben på kartet, og det kan bli litt enklare å kome seg ut i heia.

Ein p-plass i Reinshommen hyttefelt ville vore kjærkomen for mange. Rådmannen meiner tiltaket er ein god ide som me bør sjå nærare på, men tiltaket må avklarast med grunneigarane og hyttefolket og må leggjast inn i reguleringsplanen.

Rådmannen er glad for at verneområdestyret vil stå som eigar og vere ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell. Det er viktig at informasjonen blir oppdatert når det er naudsynt.

Plasseringa av informasjonspunktet må me sjå i samanheng med reiselivsutviklinga på Knaben og dette må avklarast i samarbeid med kommunen og grunneigarane.

Om kommunen kan løyve pengar er ein sak me må ta i budsjettarbeidet i åra framover.

6722:	Vurdert i saksframstillingen:	Ikke relevant:
Økonomi	X	
Levekår og likestilling		X
Klima/miljø	X	
Barn og unges oppvekstvilkår		X
Trafikksikkerhet		X

Vedlegg

- 1 Besøksstrategi SVR - Høyringsbrev
- 2 Besøksstrategi for SVR - Høyringsutkast